



Universitetet
i Stavanger

Kalvig, A. (2012) Seansar og minnet om dei døde. *Kirke og kultur*, 117(2), pp. 128-141

Lenke til publisert versjon: http://www.idunn.no/ts/kok/2012/02/seansar_og_minnet_om_dei_doede?highlight=#highlight

(Det kan være restriksjoner på tilgang)



UiS Brage

<http://brage.bibsys.no/uis/>

Denne artikkelen er gjort tilgjengelig i henhold til utgivers retningslinjer.
Det er forfatterens siste upubliserte versjon av artikkelen etter fagfelleevaluering, såkalt postprint.
Dersom du skal sitere artikkelen anbefales det å bruke den publiserte versjonen



Seansar og minnet om dei døde

av Anne Kalvig

Sammendrag

At dei døde lever vidare i minnet vårt, er ingen oppsiktsvekkande påstand i det norske samfunnet. På kva *måte* eit slikt etterliv går føre seg, utgjer likevel førestillingar og praksisar av ymse og omdiskuterte slag. Døde som lever i minnet er ei gamal førestilling som me i Noreg har skriftlege vitnemål om alt frå norrøn tid. Både det gode minnet, og dommen over kvar ein død, skulle i vikingane sitt verdsbilete for all tid overskrida døden som grense.

I denne artikkelen drøftar eg ein del av nåtida sitt arbeid med minna om dei som er gått bort, og lar det me veit om fortidas minnearbeid om avdøde spegla og kasta lys over praksisen i samtida. «Minnearbeidsforma» i nåtid er spiritistiske seansar, det vil seia formidling av meldingar frå døde gjennom eit medium. Det er eit stort sprang frå korthogd poesi frå Den høge (Odin) til medium si formidling av beskjedar frå den andre sida. Avstanden er stor i tid og i form – men der er kanskje berøringspunkt kva gjeld den underliggande verds- og menneskeoppfatning som kjenneteiknar norrøn tid og samtidas alternativspiritualitet? Og kva med den verkeleg store tradisjonen mellom vikingane og dei nyreligiøse sine oppfatningar, nemleg den kristne? Her er sjølv sagt ikkje høve til å bleika heile lerretet av minnerelaterte idear og praksisar innan ulike religiøse strøymingar gjennom halvtanna tusen år. Eg skal i staden undersøka materialet i høve forståinga av døden som minne og grense, og kven som opptrer som dødens formidlarar eller «portvoktarar». Ei underliggande interesse er kva dette eventuelt kan fortella oss om konstruksjonar og forståingar av kulturell «overflate» og «djupn» og forskyvingar og forhandlingar kring det religiøse og det sekulære.

Materiale og metode

Materialet som blir undersøkt er feltobservasjonar under spiritistiske seansar og tekstmateriale tilliggande dette feltet. Kjeldene til norrøn tid er tekstar frå den eldre Edda og sagalitteraturen, og faglitteratur tilhøyrande feltet. Metoden er kulturalanalytisk: Eg analyserer kulturelle produkt, representasjonar og forhandlingar og forskyvingar kring tyding og tolking av desse produkta (diskursanalyse). Eg definerer «minnearbeid» som den individuelle og kollektive sosiokulturelle prosessen med å hugsa og gløyma noko frå fortida, og der igjennom konstruera både fortid, samtid og til dels framtid, ved å skapa minne som nye generasjonar delvis overtar, og delvis omformer gjennom eige minnearbeid.¹ Dette kan også kallast «kulturelt minne» som i tyding er nær begrepet «tradisjon» med si meining av både handling (trading, overlevering) og eit produkt som blir skapt (tradisjon). Trading inneber ei spenning mellom overlevert mønster og variasjon² – dette gjeld for empirien me kan studera, kva enten denne er folkekultur, folkereligiøsitet eller meir offisielle religionar, og det gjeld for forskarfellesskapen som utfører forskinga.

Samanstillinga av empiri frå fortid og samtid representerer ei utfordring, for kunnskapen om det norrøne mennesket si livsoppfatning og praktiserte kvardagsliv er usikker. Dei overleverte kjeldene er nedskrivne i kristen tid og representerer særleg dei øvste sosiale laga, krigararistokratiet. Ei mannleg livsverd dominerer, sjølv om kvinner ofte er sterkt til stade i kjeldene. «Sanninga» om folks førestillingar og fortolkingar vil likevel alltid vera ei

formidla og delvis konstruert «sanning», i samtidsstudiar som i fortidsstudiar. Samanstillinga av praksisar med 1500 års mellomrom, og førestillingar knyta til desse, er såleis meint å gje innspel til forståing av døden som minne og grense på tvers av tid og rom, og ikkje representera uttøymande og definitive framlegg om korleis døden som minne og grense «eigentleg» er blitt handtert opp gjennom tidene. Men – som med minnearbeid generelt – blikket bakover kan klargjera korleis me ser oss sjølve i samtid og kanskje i nærmaste framtid, og bidra til utforsking og utfordring av etablerte grenser og sanningar både innan empirien og fagfellesskapen.

Døden som minne og grense i seansar

Kan mediumskap sin popularitet tolkast som eit minnearbeid av stadig større omfang? Er dette i så fall av det meir overflatiske slaget, som scrapbooking³ eller ungenters minnebøker, der estetikk og form er sentrale element? Eller kan der sporast linjer frå dagens spiritisme tilbake til til dømes den norrøne verda, der slektsminnet sto sentralt og kommunikasjon på tvers av verdene var mogleg og ønskeleg, ikkje minst konkretisert i volva sitt virke? For å nærma meg desse spørsmåla skal eg skissera korleis spiritistiske seansar artar seg i Noreg (som i liknande land). Eg gjev deretter eit riss av korleis kjeldene til norrøn religion indikerer at dødekontakt gjekk føre seg den gong, for så å drøfta minne- og grenseproblematikk ved desse fenomena, konkretisert som kulturelle diskursar der formidlaren av dødekontakten står i fokus.

Ein spiritistisk seanse i dag skjer typisk i eit konferanselokale, i større konserthus eller -salar, på alternativmesser, som tv-program, formidling gjennom nettsider eller som ein til ein-konsultasjonar i heimar eller annanstads. Eg fokuserer her på den populære «storseanse»-varianten, altså medium som formidlar kontakt i større forsamlingar, i ulike typar lokale nemnte ovanfor.⁴ Publikum er gjennomgåande kvinnedominert, men aldersspreiinga synast nokså stor, folk er anslagsvis mellom 20 og 65 år. Mediet – kvinne eller mann – startar gjerne med å humoristisk påpeika kor ivrige og lengtande publikum er etter å få kontakt med sine kjære avdøde. Spøkefulle kommentarar og formuleringar er eit gjennomgåande trekk ved mange storseansar. Ei formidling startar gjerne med at mediet «får opp» ein typisk generell og mangetydig karakteristikk av ein død person, som at «det er ei kvinne, ho hadde vondt for å gå før ho døde, og eg ser talet 83». Å «få opp» vil seia at mediet sansar, ser og/eller høyrer at ei ånd/avdød forsøker «komma igjennom» for å meddela seg til ein bestemt person i publikum. Den i publikum som har ei avdød, kvinneleg slektning eller ven som hadde vondt for å gå mot slutten av livet, blei 83 år, budde i hus nr. 83 i ei gate eller fekk eit barn i 1983 og så bortetter, rekker opp handa. Det kan vera mange som meiner det er deira døde som er på banen, og mediet mottar fleire og fleire meldingar inntil det er avgjort kven i publikum meldinga er retta til. Denne prosessen kan vera prega av meir eller mindre tilbakemelding frå bodskapsmottakaren og av meir eller mindre detaljerte og presise framlegg frå mediet eller «lesaren».

Sjølve bodskapen

Når det endeleg er bestemt kven bodskapen er meint for, kjem gjerne ein kortare del der den avdøde kjem med bodskapen sin. Denne dreier seg ofte om utprega kvardagslege og jordnære ting som gjeld mottakaren, som oppussingsplanar, jobb- eller studiesituasjon, nære relasjonar, behovet for at mottakaren lyttar meir til seg sjølv og kroppen sin, stoler på intuisjonen, kjøper friske blomar kvar veke og så bortetter. Konkrete meldingar om helsa til mottakaren

synast avgrensa til lite alvorlege sjukdommar, eller der kjem spøkefulle merknader om at der kanskje er eit svangerskap på gang i ein del meldingar til kvinner i aktuell alder. Tilgjeving blir rundhanda delt ut: det var ikkje mottakaren sin feil at avdøde døde, dei gjenlevande må elska kvarandre og fryda seg over livet, avdøde er veldig glad i vedkommande, passar på ho/han, frydar seg over nye barn i familien, eventuelt vakar over barn og gjenlevande som skytsengel. Skytsengelførestillinga er noko av det nærmaste eg har kome konkrete meldingar om «det overnaturlige» formidla frå «den andre sida» i utvalet mitt, men også lysblinking, forstyrringar i elektriske apparat, dyrs framferd og liknande blir fastslått som avdøde sine vink frå den andre sida. Kommunikasjonen blir gjerne avslutta med eit standard formular á la «ta i mot kjærleik og velsigning frå den andre sida» og mediet som takkar mottakaren for samarbeidet.

Dei ulike media har i formidlinga fokus på at kommunikasjon på tvers av tid, rom, liv og død er mogleg og ønskeleg. Dei døde vender seg altså til oss levande på ulike vis, gjennom draumar, gjenstandar, lys/elektrisitet, speselle hendingar, varsel og andre fenomen, forutan gjennom medium si verbale utlegning, blir det hevda. Det verbale er i dag i fokus under storseansar, der åndene/dei døde sin meir materielle tilsynekomst var det i viktariatida: Kommunikasjonen frå den andre sida kunne arta seg som møbler som flytta seg, instrument som byrja spela av seg sjølve, hender, andlet eller andre fysiske attributtar som materialiserte seg for så å forsvinna, mediet som leviterte, med meir. Medium eller spiritistar omtalar seg gjerne som kanalar. Kanalisering er eit begrep som står i nært skyldskap til spiritismen, medan sjamanisme og profetverksmed er kanaliseringa sine religionshistoriske, eldre slektningar. Kanalisering er i randsona av empirien for den føreliggande undersøkinga.

Spiritisme som sceneshow og sjelesorg

Er formidlinga av kontakt mellom døde og levande underhaldning, «big business», religion eller noko anna? Det er spirituell praksis med alle desse elementa i seg, ein miks som for øvrig er regelen meir enn unntaket i religionshistoria. Spørsmålet om dagens spiritisme er å likna med utprega familieorienterte kvinnesyslar som scrapbooking, eller snarare kan forståast som «volva vendt tilbake», er ei spissformulering som skal illustrera noko av tolkingsmangfaldet ved samtidsspiritualiteten. Samanlikningskonstruksjonen gjev også høve til å problematisera dikotomien mellom overflate og djupn kva gjeld religiøse/spirituelle/sekulære fenomen. Når scrapbooking eller minneboklagning overhovudet kan illustrera spiritisme, er det fordi meldingane frå den andre sida synast så trivielle, sjølvsgatte, nærsynte, familiekjærleiksorienterte og forskjønnande som det dei gjer. Det er som om mediet og mottakaren i fellesskap lagar ei vakker «minneside» som også resten av publikum kan fryda seg over, der glede, latter, det vene, vemodige, men også dramatiske (eine parten i relasjonen er trass alt død) er viktige element. Det som blir minna, er ikkje at ein overmåte streng og kald far var vondskapsfull og forårsaka traume i barna sine liv, men at han var den han var, prega av si historie, si tid, og at han i alle fall som *ånd* klarar sei at han elsker barna sine, og ikkje minst frydar seg over barnebarna som han gjerne ville ha gjeve den omsorga han nå – frå den andre sida – ser at han skulle ha gjeve eigne barn medan han var i live. Ei minnebokside blir laga av levd liv (fotograferte personar og situasjonar) i etterkant, liksom ei melding frå den andre sida blir ei framvising av levande menneske sine minne – gjerne slik det «skulle ha vore» i dødsoverskridinga sin grenselause klokskap. Med seansens medium som kanal og fortolkar av budskapen frå den andre sida, og med den forseggjorte minneboka sine bordar, blommar og skjønnskift som omkrinsar fotografiet, er der likskapar i form og overflate mellom desse fenomena, som også peikar mot ei felles djup lengt etter å minnast, forbindast og å forløysast frå det som var vondt og stygt.

At sceneshowa manglar bøn, salmar og liturgi, tyder ikkje at ritualisert praksis med åndeleg referanse ikkje er til stade i rikt monn.⁵ Forklaringsmodellane som publikum blir tilbode er nok dempa kva gjeld tradisjonell religiøs/spirituell språkbruk eller retorikk, men nokre vesentlege og talande formuleringar går igjen: åndene (dei døde) finst, har det godt, følgjer med på alt me gjer, vil oss vel, dei er i ein dimensjon/på ein plass der kjærleiken (evt. namngjeven som Gud) rår. Nokre av dei døde (kriteria for kven er uklare her, men gjerne døde barn) er hos oss som englar eller skytsenglar. Tilværet vårt er fylt av teikn frå åndeverka, me må bare læra å sjå og sansa dei som vesentlege teikn og budskapar. Eit mindretal av media omtalar også vonde ånder/døde, gjerne kalla klebeånder. Ånder eller døde som «heng igjen» er ei kjend førestilling innan alternativspiritualiteten.⁶ For dei budskapsformidlande media synast det imidlertid å vera viktig å skapa trygge rammer der denne type ånder eller døde er utdefinerte. Det ser ut til at meir paganistisk (sjamanistisk og/eller samisk) prega medium er meir tilbøyelege til å «omfamna» førestillinga om at ånder og/eller døde kan ha vonde hensikter og at til dømes ganning er ein realitet (svart trolldom der hensikten er å skada). Innan denne type «spiritistisk sjamanisme» inntar også dyr, ikkje minst fuglar, ein meir sentral rolle.⁷ Kanalen, mediet, har gjerne gått igjennom ei tid med hard prøving: frå ein barndom prega av det naturlege ved kommunikasjon på tvers av dimensjonane, via undertrykking av dei medfødde evnene grunna omgjevnadene sin motstand og frykt i høve det «overnaturlege», til aksept, forløyning og utvikling av hans eller hennar særskilte åndeformidlarkvalitetar i vaksen alder, gjerne etter ei dramatisk hending som blei eit vendepunkt. Medium formidlar altså ein kosmologi og antropologi der tilværet er gjennomsyra av ånd, det er (hovudsakleg) godt og kjærleiksfyllt, og døden er ein terskel, men ikkje ein ende. Døden og dei døde blir som ein evig og uslokkeleg flamme å varma seg på, når dette jordelivet er kaldt og dystert – som om det er her hos oss levande, og ikkje i døden, at «døden» overhovudet har makt.

Minnearbeid i norrøn tid

Norrøn tid sitt kanskje største bidrag til verdslitteraturen, Voluspå (volva sin spådom), er eit einaste langt, kosmisk orientert minnearbeidsstykke: «Det vil du, Valfader/ at vel eg fortel/ frå fyrndeheim/ det som fyrst eg minnest» (vers 1). Volva, den norrøne spåkvinna/mediet/sjamanen, hadde betre minne og kunnskap enn sjølvaste Odin (Valfader), og han trengte hennar hjelp til å memorera opphavstider, verda si skaping og undergang. Volva er uhyre sjølvmedviten overfor Odin og dei andre gudane, og ho spør i diktet igjen og igjen: «Veit de nok, eller kva?». Kunnskapstørsten som kjeldene avslører i det norrøne samfunnet, er eit av denne historiske og religiøst-kulturelle perioden sine særmerke, og mellom det som i størst grad skil han frå den kristne kulturtradisjonen som overtar på 1000-talet.⁸ Volva som minnest verdas opphav og undergang (Ragnarok), er skildra som å vera i transe eller ekstase når ho traderer minnet, til sist søkk ho i saman: Etter at ho har skildra ein ny himmel og ei ny jord, fortel diktet om ein drake som kjem flygande med lik i fjøra, og aller siste linja lyd: «No mun ho søkke» («nå kan ho søkka»), altså komma tilbake til «denne sida».

Den mytiske volva i Voluspå som veit meir enn gudane, har hatt sine jordiske representantar i kvinnene som blei kalla volver i det norrøne samfunnet. Dei kunne sjå fortid og framtid og inn i dei andre verdene, som der var mange av i den norrøne kulturen. Dei kommuniserte med dei døde, og kunne tolka varslar og teikn frå andre mellomvesen – ikkje englar, men -vetter, alvar, diser, norner, fylgjer og andre makter, som særleg hørte til den kvinnepraktiserte delen av norrøn kult. Som med spiritismens (skyts-)englar, er nokre av desse maktene forstått som dei døde i ny form (t.d. alvane og disene, men kjeldene våre er sparsame på dette emnet). Den

generelle kvinnedominerte kulten, huskulten, blei leia av husfrua, medan volva gjerne var ei eldre kvinne litt på sida av ættesamfunnet, som drog frå gard til gard der ho var etterspurt, gjerne med ein flokk yngre «tilhengjarar», og tok seg godt betalt for tenestene sine. I saga om Eirik Raude blir det fortelt om Torbjørg Litlevolva, ei av få detaljerte skildringar av volva sitt vesen og virke. Ho blir kalla til ein storgard på Grønland for å fortelja kor lenge uåret vil vara. Ho nyttar då ulike typar materiale, spesiell mat (hjarte frå alle dyr på garden) og galder, ein type song (kvad eller vardlokk), for å mogleggjera syna. Ho blir plassert på eit opphøgd «podium», seidhjellen, der ho framseier syna sine. Volva kunne finna igjen bortgløymde ting og personar, og seida (øva trolldom) for å gjera både godt og vondt. Seidekona er ein parallell til volva, då gjerne med større vekt på hennar virke som helbredar, det som seinare kaltest «klok kone». Volva og seidekona sin praksis blir i nokon grad vidareført av kristen tids folkelege helbredarar, representantar for ein mangslungen tradisjon som også dagens alternative terapeutar til dels står i. I denne samanhengen tener volva som oppsummerande figur for ein kulturtradisjon med eit syn på minne og på døden som kan gje innsikter i dagens situasjon.

Volva hadde ikkje vore ein sentral og etterspurt figur om ikkje syna og kommunikasjonen hennar på noko vis resonerte med folk sine gjengse oppfatningar av tilhøvet mellom folk og mellom ulike «dimensjonar». Steinsland seier det så tydeleg som at «kommunikasjon er et stikkord for hvordan menneskene tenkte seg forholdet mellom de levende og de døde».²

I diktskyklusen om Helge Hundingsbane (Den eldre Edda) fortellest det om Sigrun og Helge som elsker kvarandre så sterkt at dei møtest igjen på tvers av døden – han er fallen i strid og er i gravhaugen ved garden, slik skikken var, for det var best å ha dei døde nær slekta. Ho er levande og sørgjande, men tenestejenta hennar ser ein kveld at dei døde i haugen er i rørsle. Sigrun går inn i gravhaugen og elsker med mannen sin: «no bur den bjarte/ bruri i haugen/ hjå daude drengen/ drosi kviler» og «i fanget mitt no/ fær du kvile,/ liksom du levande/ låg hjå meg». Sjølv om Helge er død og kald «av valdogg», gjer kjærleiken deira møte mogleg. I denne diktskyklusen blir det også antyda at Sigrun og Helge blir fødde på ny, av di ein i tidlegare tider også rekna med det me i dag kallar reinkarnasjon.

Dødsrike og levande minne – forfedrekult og innviing

Vikingane rekna med ei mengd ulike dødsrike, hos Hel, Odin, Frøya, Ran, i Helgafjell, og/eller i gravhaugen på garden. Dei levande praktiserte ulike former for dødekkult for å gje dei døde fred, for å få velsigning og fruktbarheit frå dei, og for å sikra minnet og kontinuiteten i slekta. «Uten skaper kraft og minne – kunnskap om eget opphav – ingen visdom», som Steinsland formulerer det.¹⁰ Kvinnene var sentrale her, ikkje minst i alve- og diseblota som var religiøse høgtider der garden sine egne døde var i fokus. I vår tid kan me også tala om mangfaldige dødsrike: på gravlunden, der minnet om dei døde er konkretisert i gravstein, blomar, lykter og lys (og skriftlege helsingar på nyare graver), i himmelen i kristen eller «kristenkulturell» tyding, i alle dei ulike rike og dimensjonar skissert av verdas ulike religionar representerte her til lands, i «Altet» eller kosmos og/eller i ei åndeverd prega av medvit, kjærleik og lys, der dei døde sine sjeler (ånder) er i mellombels opphald før nye liv, innan spiritisme/spiritualisme/reinkarnasjonstru. Total slutt, tomleik, intet, er førestillingar kjende frå materialisme, sekularisme og ateisme. Med mogleg unntak av sistnemnte posisjon, kan også dødetilværet bli forstått eller førestilt som eksisterande på fleire av desse plana samstundes, i det folk gjerne opptrer som «multireligiøse aktørar» og kan identifisera seg med og relatere seg til fleire ulike perspektiv.¹¹ Eit siste tilskott er internett som kvilestad og minnelund, det vera seg gjennom minnesider på facebook eller egne, interaktive minne-

nettportalar som danske Mindet.dk. Dette mangfaldet illustrerer også problematikken med religiøs overflate og djupn, og forholdet mellom det religiøse og sekulære. Me snakkar gjerne om «religion på nye måtar» (Alver m.fl. 1999), religion som «spatial» og lokalisert, som noko som «opnar opp det sekulære» (Knott 2005) og som medialisert religion (Hjarvard 2008, Endsjø og Lied 2011), det vil seia religion formidla ut frå media sine premiss. Dette illustrerer ulike faglege responsar på ein pluralistisk, seinmoderne «religions situasjon». I denne samanhengen har eg spegla dette mot fortidige «situasjonar», og spør om der kanskje er større likskapar mellom det fortidige og det nåtidige enn kva me tradisjonelt har framvist i religionsvitskapen, viss me ser på dødekommunikasjon som eit «minnearbeid» som relativiserer og problematiserer religiøs overflate og djupn.

Ulike religiøse motivkrinsar og praksisar blir kombinerte eller lever side om side med meir eller mindre kulturell friksjon mellom seg. I vikingtid har dette truleg vore relativt uproblematisk, gjeve at heidendommen ikkje var ein dogmatisk religion, men ein kollektivt orientert, kultekksklusiv folkereligion med eit konglomerat av ulike tradisjonslag.¹² Vår seinmoderne, pluralistiske tid er også samansett og mangfaldig, men det store bakteppet er den kristne kulturtradisjonen, som er dogmatisk (lære- og tekstbasert) og universell, altså sikta inn mot frelse på grunnlag av individuell tru. Det er særleg dødekommunikasjonsdelen av alternativspiritualiteten som har vekt harne i offentlegheita, av di døden er ei viktig og vokta grense i kristendommen. Gud, i form av Menneskesonen, kan kryssa denne grensa, medan menneske bare kan transcendera dødens realitet gjennom Kristi sonoffer og Guds nåde, tradisjonelt formidla i dåp og nattverd. Dødsorientering og -ideologi har vore felles fokus for sein norrøn religion og kristendom. Etter religionsskiftet var det ikkje lenger minnet om slekta og kollektivet i dødsriket som sto i sentrum, men nattverden, absorberinga av Gud sjølv, han som seier «gjer dette til minne om meg», som (offisielt sett) erstatta grav- og dødekult. Vel var alle praksisane i norrøn kult etter kvart forbodne, men mellom det mest smertelege for det norrøne mennesket, var kanskje kravet om at dei døde ikkje lenger skulle ligga i haugen ved garden, men på kyrkjegarden, i påvente av oppstoda på den siste dag. Bandet mellom levande og døde var noko av det mest sentrale i norrøn førestillingsverd, og blei dermed, av den framveksande kyrkje-kongelege eliten, forstått som maktpåliggande å bryta for å vinna folks lojalitet til kyrkja og Kvitekrist. Den private huskulten og kvinnenens syslar var likevel vanskelegare å kontrollere, og mange av kulthandlingane og førestillingane her vaks inn i og levde vidare i mellomalderens folketru. I nordlege delar av landet var der dessutan ei utveksling mellom kristendom, folketru og samisk religion, der forståinga av døden som grense og minne blei, og til dels har vedvart som, annleis dominerande diskursar lenger sør.

Folketru som grenseland

Døden som grense er rammeforteljinga i Arne Garborgs diktverk «I Helheim» (1901), som er ei fortsetting av det meir kjende «Haugtussa» (1895). Her brytast norrøn og kristen førestillingsverd i eit drama plassert på Jæren, og slekta speler ei sentral og kjærleg rolle: Volva viser veg ned i dødsriket for Veslemøy, og avslører for henne, på volvevis, kunnskap om dei ulike dimensjonane i tilværet. Veslemøy møter den døde syster si, og volva og systera synast å vera to versjonar av same figur, den mytiske og sjåande kvinna som kan kryssa dimensjonane og formidla visdom, der Veslemøy til sist blir den tredje personifikasjonen, i spennet mellom det mytiske og historiske. Diktet er skriva i mellomaldersk visjonsdiktstil og sluttar med at Veslemøy kjem tilbake til dei levande, med ny kunnskap og innsikt og løyst frå syna som har heimsøkt henne heile livet. I «I Helheim» ender Veslemøy som Vis-møy, og blir ei klok kone som har forsona seg med lagnaden sin:

Ho er den ho var;
men fredsæl Ro
ligg som ei Lysning um henne no.

Ho er den ho var,
men ei Linne
hev lagt seg um hennar Minne.

Gjerne ho lîver;
glad vil ho døy;
til Vismøy er vorti Veslemøy.

«I Helheim» er ei litterær bearbeiding av det som truleg kan kallast eit kulturelt minne, nemleg minnet om behovet for, eller gåvene ved, samband og kommunikasjon mellom dei døde og levande. I diktet «sigrar» kyrkja, men her er det Garborgs utstrakte bruk av førkristne, religiøse figurar og førestillingar som er mest slående. Dette peiker på strukturar og mønster i kulturen som stadig er forhandlingstema, eller ein pågåande diskurs. Kyrkja har stort sett vore avvisande til spiritismen, men forskyvingar kan også skjelnast her. Den luthersk-evangeliske, norske kyrkja har gjeninnført Mikkelsmess for å komma folks englelengt i møte (sidan 1999), og Allehelgensdag er ein minnedag for døde og for helgenane som trusførebilete. Grensedragingane har blitt tydelegare når prinsesse Märtha Louise til dels kan tolererast med sin englekommunikasjon, medan dødekommunikasjonen ho hevda i Stavanger Aftenblad i september 2010, møtte unison fordømming.¹³ Ei dialogorientert, kyrkjeleg tilnærming synast likevel å ha fått sterkare fotfeste dei seinaste åra. Teologiprofessor Notto R. Thelle sitt arbeid er døme på dette,¹⁴ og nyleg arrangerte Rogaland Bispedømme, Aeropagos og Utstein Pilegrimsgard eit godt besøkt dialogseminar mellom kristne og nyåndelege, kalla «Selvutvikling og spiritualitet. Hva kan nyåndelige og kristne lære av hverandre?». I desse dagar er også ein liturgi for velsigning av heimar der ein opplever «uro» (t.d. erfart som attergangarar eller ånder), basert på ein nordsamisk liturgi frå 2007, ute på høyring, og skal seinare til endeleg handsaming på Bispemøtet og Kyrkjemøtet.¹⁶

Den som har stige ned i dødsriket (eventuelt over på den andre sida) og kome tilbake, kan tydelegvis inngje stor ro og fred. Døden blir her ein liminalitet som borgar for ny identitet når initianden blir reintegrert i samfunnet. Ein stiller med ny kunnskap, kanskje visdom, som blir forstått som ei kjelde til informasjon og kommunikasjon også for dei uinnvia, ei oppfatning delt av om ikkje alle, så mange – i det førmoderne Noreg som i det seinmoderne.¹⁷

Minnet som magisk og slutta sirkel?

I det føregående har eg argumentert for at der er likskapstrekk mellom forståinga av døden som minne og grense i den norrøne kulturen og i samtidas spirituelle praksis. Eg har bare antydningvis kontrastert dette med kristne førestillingar, av di dødekommunikasjon, kult retta til ulike vernande makter lauseleg assosiert med dei døde og minnearbeid i samband med dette, har fortsett å eksistera også under kristendommen her til lands, om enn i endra og meir fordekte former. Forfølgjing, bortvising og drap på kloke koner eller seidekoner, «hekser», skjedde i samband med maktkampar i kristen tid. Slike kampar har handla om mange ulike ting, mellom anna verdsleg og religiøs makt, juridisk makt og kjønns makt. På eit metanivå har det handla om kampen om røyndomsoppfatning, illustrert ved det «magiske» mennesket versus det (frelses-) religiøse eller sekulære mennesket.¹⁸

Dersom dødekult (praksisen med å rituelt minnast og æra dei døde) handlar om fred, velsigning, fruktbarheit og kontinuitet, der dei gjentekne kulthandlingane framstår som kollektivt delte «minnekjede», kan dagens spiritisme og mediumskap kallast døde- eller forfedrekult. Men det kan også meir generelt kallast folkereligiøsitet, tradisjon, magisk praksis. Magi er eitt av dei eldste, religionsvitskaplege begrepa, og kan nyttast til å analysere samtidsspirituell praksis, men det har også ein allmennkulturell klang av «overtru» og kanskje maktmisbruk over seg. Internt på alternativfeltet, og i alternativspiritualitetens nedslagsfelt i populærkulturen, er imidlertid magi, eller helst «magisk», ein karakteristikk og merkelapp som blir sett på opplevingar og produkt for å indikera at dei på nokon måte er grensesprengande, uforklarlege, autentiske og så bortetter.

I vår tid skjer mykje av minnearbeidet og den kulturelle kreativitet på nettet, i sær innan såkalla sosiale media. Mang ei katastrofe og voldelege eller for tidlege dødsfall er blitt minna på facebook¹⁹ med statusoppdateringar og bilete av tende lys, blomar eller liknande, eller ved oppretting av eigne facebooksider dedikerte til minnet om ei hending og/eller dei som er gått bort. Denne statusoppdateringa på facebook illustrerer både det folkelege, det folkereligiøse, det «kristenkulturelle», det magiske, det overflatiske og det djupt lengtande hos det samtidsspirituelle mennesket:

Mange mennesker er gått bort for tidlig! – Når vi ser på himmelen, ELSKER vi tanken om, at de ser tilbake på oss. Vi husker dem ofte – imorgen – om natten, når vi ser på stjernene... en dato... en sang... et sted... en lukt... Et minne til dem som forlot oss!...ALLTID ELSKET, DYPT SAVNET... Post dette som din status, hvis du har noen, som holder øye med deg fra oven♥

Spiritistiske stjerner av i dag har sjølvsgatt eigne facebooksider. Lisa Williams, som oppgjev at nordmenn dominerer i hennar internasjonale tilhengjarskare, ba under seansen i Stavanger Konserthus publikum om å dagleg posta eitt norsk ord med engelsk forklaring på hennar facebookside, så ho kunne læra seg norsk. Nokre formuleringar hadde ho allereie øvd inn, og den fråsegna som får avslutta denne gjennomgangen, sluttar så å seia den minnesirkelen som eg har hevda volva og det spiritistiske mediet står i: Me hugsar volva i Voluspå stadig spurte, sjølvmedviten frå sitt podium, «Veit de nok, eller kva?». Williams innleia den kanalisierende delen av showet sitt, til stor jubel og applaus frå publikum, med følgjande triumferande utrop frå scena, på nesten perfekt norsk: «Vil du vit alt?!». Ja, mange vil tydelegvis vita «alt», alt som skal til for å knyta minneband på tvers av liv og død. Som tilhøyrar under seansar, og observatør av dei utvalte få sine sterke reaksjonar og tårevåte glede over å få ei melding frå den andre sida, kan ein få inntrykk av at det ikkje alltid er så mykje som utgjer «alt» som trengst. Men det var det kanskje heller ikkje før, og informasjon og kommunikasjon nytta til etablering av vesentlege minne, kan såleis gje oss interessante inntak til større forståing av det kulturelle vekselspelet mellom det religiøse og det sekulære, det overflatiske og djupe og dei levande og døde.

Litteratur

Alver, Bente G., Ingvild S. Gilhus, Lisbeth Mikaelsson og Torunn Selberg (red.). *Myte, magi og mirakel i møte med det moderne*. Oslo: Pax Forlag, 1999.

Alver, Bente Gullveig. *Mellem mennesker og magter. Magi i hekseforfølgelsesnes tid*. Oslo: Scandinavian Academic Press, 2008.

Endsjø, Dag Øistein og Liv Ingeborg Lied. *Det folk vil ha: Religion og populærkultur*. Universitetsforlaget, Oslo, 2011.

Engelsviken, Tormod, Rolv Olsen og Notto R. Thelle. *Nye guder for hvermann? Femti år med alternativ spiritualitet*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, 2011.

Eriksen, Anne og Torunn Selberg. *Tradisjon og fortelling. En innføring i folkloristikk*. Oslo: Pax Forlag, 2006.

Garborg, Arne 1901. *I Helheim (Haugtussa II)*. Aschehoug, Kristiania. Henta frå <http://eq5.net/garborg/gbregister.html>

Gilhus, Ingvild S. og Lisbeth Mikaelsson. «Multireligiøse aktører og kulturens refortrylling» *Sosiologi i dag*, nr. 2 (2000).

Gudmestad, Reidun. «Nå kjem prinsessa hit med englekurset» *Stavanger Aftenblad* 06.09.10.

Hjarvard, Stig (red.). *The Mediatization of Religion. Northern Lights – Film and Media Studies Yearbook*, bind 6, nummer 1. Bristol: Intellect, 2008.

Kalvig, Anne. «TV Norge og Kanal FEM – den nye tids bodbringerar?» *Din – Tidsskrift for religion og kultur*, nr. 4 (2009).

_____. *Åndeleg helse. Ein kulturanalytisk studie av menneske- og livssyn hos alternative terapeutar*. Universitetet i Bergen: Doktoravhandling, 2011.

Knott, Kim. *The Location of Religion. A Spatial Analysis*. London: Equinox Pub, 2005.

Mortensson-Egnund, Ivar. *Edda-kvæde. Norrøne fornsogar*. 1928. Tilgjengelig på <http://www.heimskringla.no/wiki/Edda-Kv%C3%A6de>.

Røthe, Gunnhild. *I Odins tid. Norrøn religion i fornaldersagaene*. Stavanger: Saga Bok, 2010.

Steinsland, Gro. *Norrøn religion. Myter, riter, samfunn*. Oslo: Pax Forlag, 2005.

Steinsland, Gro. *Eros og død i norrøne myter*. Oslo: Universitetsforlaget, 1997.

Thelle, Notto R. *Prinsessens engler. Invitasjon til en samtale om alternativ spiritualitet*. Oslo: Pax Forlag, 2010.

Noter

- 1 «Minne» og «minnearbeid» er her primært nytta som konseptualiseringar av det som framstår som i nokon grad liknande fenomen og aktivitetar innan så ulike felt som nåtidig spiritisme og norrøne dødsførestillingar og -praksisar. Begrepa refererer også til det ekspanderande, tverrfaglege forskingsfeltet relatert til minne, kalla minneforskning eller minnestudier (memory studies), men i denne samanhengen går eg ikkje djupare inn i dei fagspesifikke aspekta ved denne forskinga.
- 2 Eriksen og Selberg 2008, 217.
- 3 Scrapbook tyder eigentleg utklippsbok, men er blitt eit begrep for ein type klippe- og limearbeid der ein t.d. lagar særleg forseggjorte og pynta invitasjonar og fotoalbumsider. Det er ein kvinnedominert aktivitet.
- 4 Materialet her er deltaking på fem spiritistiske storseansar i 2011, med Phil Phillips, Lisa Williams, Nina Torp, Ann Brit Flø/Karita, Signe Sandvig og Manuela Johansen (det vil seia to seansar med engelske media og tre med norske – dei to sistnemnte hadde felles seanse).
- 5 Under alternativmessa i Stavanger hausten 2011, nytta også to av media deira mediumistiske storseanse til informasjon om Norsk Spiritualistisk Trossamfunn gjennom framvising og opplesing av trusvedkjenninga deira.
- 6 Kalvig 2011, 110–113.
- 7 Sjå også Kalvig 2009.
- 8 Kjeldene til framstillinga av norrøn religion er i det følgjande særleg Steinsland 1997, 2005 og Røthe 2010.
- 9 Steinsland 2005, 337.
- 10 Steinsland 1997, 153.
- 11 Gilhus og Mikaelsson 2000; Kalvig 2011.
- 12 Steinsland 2005, 350.
- 13 Reidun Gudmestad, «Nå kjem prinsessa hit med englekurset», Stavanger Aftenblad 06.09.10.
- 14 Thelle 2010, Engelsviken, Olsen og Thelle (red.) 2011.
- 15 Halde på Utstein kloster den 10.03.12
- 16 Jmf. pressemelding frå Kyrkjerådets sekretariat, omtalt m.a. her: <http://m.vl.no/kristenliv/kirken-tar-grep-mot-gjenferd/> (frå 13.03.12, lesen 21.03.12).
- 17 Mange medium har opplevd kriser; eit av Noregs mest populære medium, Gro Helen Tørum, mista t.d. eit barn, Lisa Williams har hatt kreft, Phil Phillips var nær død i ei trafikkulukke og så bortetter.
- 18 Jmf Alver 2008. Magi er eit konsept som rommar mange ulike tydingar. Ein arbeidsdefinisjon i denne samanhengen kan hentast hos Alver (2008, 37) som framstiller magi som ein måte å sjå verda på: «den opfattelse, at der fandtes en 'kraft' af særlig karakter, som kunne tage bolig i bestemte steder, genstande og levende væsner, men som menneskene også kunne aktualisere og gøre brug af i visse situationer og ved bestemte handlingar».
- 19 Facebook er verdas største sosiale medium med over 2,5 millionar norske brukarar, og 800 millionar brukarar på verdsbasis. Brukarane har sine personlege konti der dei meddeler seg via såkalla «statusoppdateringar», altså meldingar til sine venenettverk.